

# Kyrkjebladet for VAKSDAL

73.ÅRG./ NR.2- 2019



Småborns-  
song på  
Vaksdal,  
sjå side 10



Under  
galleriet i  
Dale kyrkje,  
sjå side 6



Medarbeidarfest,  
sjå side 2

**Konfirmantbilete**  
Side 5

**Møt Hans Kristian**  
Side 7

**Kyrkjevalet**  
Side 13-16

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam  
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)  
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

### Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62  
E-post: br233@kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn  
Mobil 90 84 06 24  
E-post: eb447@kyrkja.no

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: fk796@kyrkja.no

### Trusopplærar Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79  
E-post: ka263@kyrkja.no

### Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98  
E-post: rg794@kyrkja.no

### Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77  
E-post: ap244@kyrkja.no

### Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16  
E-post: od622@kyrkja.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

### GATEADRESSER:

**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065

**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1

**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014

**Eksingedalen kyrkje:** Sørdalsvegen 10

**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31

**Stamnes kyrkje:** Gruvevegen 19

**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

*Kvart år vert dei frivillige i kyrkjelydsarbeidet i Vaksdal innbedne til fest. Dei tilsette og sokneråda vert og innbedne, og staben ved Kyrkjekontoret lagar til festen. På årets fest, i juni, var om lag 50 menneske samla.*

## Sei Ja!.....

Over dei siste åra har eg lært noko nytt. Eg er sikker på at dette er ei universell sanning. *Me menneske* er styrt av redsle. Redsle for kva andre måtte tenka og meina, redsla for kva som kan skje, redsla for å gjera feil, redsla for å ikkje strekka til. Eg er sikker på at mange av dykk kjenner dykk igjen i dette. Men eg har bestemt meg for at eg skal begynne å sei meir ja. For når du begynner å seie ja til ting, får du erfara nye ting. Eg meiner ikkje at ein heilt ukritisk skal sei ja til alt og alle. Men når nokon spør deg om noko du kjenner utfordrar litt. «Vil du vera med å hjelpe oss med dette, eller vil du leia dette møte, eller me treng nokon til å sitte i styret i idrettslaget, være klassekontakt, sitte i sokneråd?» etc. Då kan du velje å sei ja (eller til ein av dei). For her ligg det store moglegheiter for deg. Me menneske er styrt av redsle. Dette ligg biologisk og naturleg i oss. Me er skrudd saman slik, at om me opplever noko me ikkje føler oss komfortabel med, vil me springe vekk. Samtidig er det slik at om me trass i denne redsla vel å ta utfordringa, utviklar me oss. Me vert betre som menneske, me får nye erfaringar, og lærer nye ting. Kanskje ein etter ei stund oppdagar at dette er eg flink til. Alt dette ligg der for deg, berre du av og til sei ja.

Ja kva om eg ikkje får det til, tenker du kanskje. Ja kva då? Mest truleg er konsekvensane av å ikkje få det til veldig små. Og i dei fleste tilfelle har ein anledning til å prøve fleire gongar. «Det å være modig er ikkje det same som på ikkje være redd, det er når ein bestemmer seg for å ikkje la redsla bestemme kva ein skal gjera» (fritt oversett etter Rick Joyner)

## Bjart-Magnus N Rosvold

### Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad  
tlf. 952 65 989  
e-post: oddfau47@gmail.com

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale  
tlf. 992 68 128

Dale: Britth Kydland  
tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid  
tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet  
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Asbjørn Flatekval  
tlf. 970 17 598

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim  
tlf. 930 54 636

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Bjørgvin bispedømme

### si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

### Bibelen på nett:

[www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR

### VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal  
Bladpengar: kr 250,-  
Annonsepris: kr 4,- pr. sp.  
Avgiftsfritt.  
Bankgiro: 3500.07.05800

### Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

VaksdalPosten

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Bodoni AS, avd. Hardanger,  
Øystese  
Tlf. 46 63 09 33

### Retur til:

Kyrkjekontoret  
for Vaksdal, Pb. 113,  
5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 11. august.**



# *The times they are a-changin*

Når du les dette har eg vonleg vore på konsert med Bob Dylan i Bergen. På konsert med han har eg ikkje vore sidan eg høyrde han i Drammenshallen sommaren 1981. Ein av songane hans er "The times they are a-changin". Den over 55 år gamle songen slår fast at tidene endrar seg - og at det vil dei gjere anten me vil eller ikkje. Og han har vel rett i det.

Kven syter for endringar, og eventuelt styrer dei? Er det dei som er mektige fordi dei er rike på pengar? Er det byråkratane? Politikarane? Me kan og ta med biskopane og den sentrale leiinga i Den norske kyrkja: Kan dei endre noko i samfunnet? Eller har me eit reelt demokrati, slik at det er folk flest som syter for endringane? Ved minst to høve kan me i haust påverke endringane.

Det eine er kommunevalet. Me skal velje lokalpolitikarar. Kva vil dei, kva står dei for? Kva endringa går dei inn for? Dette er noko dei vonleg gjer greie for i sine partiprogram. Me tenkjer forresten å spørje lokalpartia om kva plass og funksjon dei meiner kyrkja skal ha i Vaksdal, og svara kan du lese i neste utgåve av Kyrkjebladet. Gjer det noko skilnad i kva personar og parti me stemmer på? Kan hende ikkje. Det er til dømes ikkje så romsleg økonomi i Vaksdal at dei kan vere særleg kreativ i politikken. Det handlar vel mest om å få pengane til å strekkje til lengst mogleg.

Det er og val av nye sokneråd. Det har variert i sokna i Vaksdal med omsyn til kor lett det har vore å finne kandidatar. Det er helst imponerande at eit av dei minste sokna i Noreg, Nesheim, har knappe 60 kyrkjemedlemmar men ei kandidatliste på 13 namn!

Vert det noko endring i sokna? Det er heller ikkje godt å seie. Arbeidet vil vel mykje halde fram som før, men dei som vert valte har i alle fall høve til å bidra i kyrkjelydslivet og kan hende gjer ein skilnad.

Endringa skjer altså, anten me vil eller ikkje. Vil me vere med å styre endringane eller la andre bestemme? Vil me sitje på tribuna og helst berre kritisere og overprøve domaren, eller vil me vere på bana og påverke resultatet?

Endringar kan og skremma oss, særleg viss me fryktar dei. Men endringar kan og vere positive. Det slo årets 17.maitalar på Stanghelle, Bjørn Ullevoldsæter, fast etterå ha studert verdssoga. Eg høyrde ikkje talen, men har i ettertid lese han via Facebook. Det var ein god og interessant tale, som synar ei større positiv utvikling i verda enn kan hende mange trur.

Ein kristen er og oppteken av framtida og korleis «alt» endrar seg. Perspektivet er jo æveleg, men me er og kalla til å ta ansvar og gjere val her i livet - både for eigen del og andre sin del. Som Guds born har med likevel ein dimensjon over livet og framtida som spelar vesentleg inn. Så i tillegg til at me sjølve skal gjere våre val får me leggje framtida - og dei endringane som måtte kome - i Guds hender. Me kan jamvel få tru at Gud har ein plan for kvar og ein av oss. Og at den planen er god sjølv om han kan føre til endringar og nye retningar. La meg få minne deg om visdomsorda me finn i Salme 37 vers 5, som kan vere til hjelp anten du er redd for endringar eller ynskjer dei velkomne:

*Legg din veg i Herrens hand!  
Set di lit til han, så grip han inn.*

*Med venleg helsing  
Frode Kvamsøe,  
sokneprest*

# Min salme

**Veronica Nyambura  
Rosvold vart i sist  
nummer av Kyrkje-  
bladet utfordra til å  
skriva om sin salme:**

Alle har, eller vil komma til å oppleva at ting er vanskelig. Me kan verta deprimerte og gløyma alle velsigningane me har rundt oss. Så av og til kan det være lurt og minna oss sjølve på alt me har å vera takksame for. Dette kan vera ting som; God helse, at me kan gå, at me kan sjå, kle på kroppen vår, ein plass å bu, mat å eta osv. Skriv ned alle dei små detaljane. Då vil du verta overraska over kor velsigna du eigentleg er. Takksemid vil forandra måten du ser ting på.

Denne salmen føler eg som ei velsigning for meg personleg. Eg minnes at me song denne på søndagsskulen. Heile klassen song han også når eg gjekk på vidaregåande. Den minna oss alltid om kor velsigna me var, på trass av alt me måtte gå igjennom.

*Count your blessing (Blir du stundom prøvet)*

*Tekst: Johnson Oatman Jr.  
(Salma har fleire melodiar)*

**1. When upon life's billows you are tempest-tossed,  
When you are discouraged, thinking all is lost,  
Count your many blessings, name them one by one,  
And it will surprise you what the Lord has done.**

**Refrain:**

**Count your blessings, name them one by one,  
Count your blessings, see what God has done!  
Count your blessings, name them one by one,  
Count your many blessings, see what God has done.**

**2. Are you ever burdened with a load of care?  
Does the cross seem heavy you are called to bear?  
Count your many blessings, every doubt will fly,  
And you will keep singing as the days go by.**

**3. When you look at others with their lands and gold,  
Think that Christ has promised you His wealth untold;  
Count your many blessings—\*money cannot buy  
Your reward in heaven, nor your home on high.**

**4. So, amid the conflict whether great or small,  
Do not be discouraged, God is over all;  
Count your many blessings, angels will attend,  
Help and comfort give you to your journey's end.**

**Veronica utfordrar David Kariuki Mbogo-Svensson  
i Bergsdalen til å skrive om sin salme i neste nr. av  
Kyrkjebladet**

# Årets konfirmantar i kyrkjene



**Eidsland kapell 14. april:** Frå venstre: Trusopp-lærar Antje Michelau-Meyn, Sara Fiona Meyn, sokneprest Frode Kvamsøe. Foto: Susanne Ewert



**Dale kyrkje 5. mai:** 1. rekke frå venstre: Nora Teksum-Roe, Laura Langhelle, sokneprest Frode Kvamsøe, Mads Helle, Sandra Nottveit Kalvik. 2. rekke: Iris Bella-Donna Solheim, Thomas Hop, Markus Dalseid Landro, Tor Einar Bekkenes Tollefsen, Martin Sundheim Østvang, Mari Faugstad Hesjedal. Foto: Janne L Berge



**Vaksdal kyrke 5. mai:** 1. rekke frå venstre: Emilie Eintveit, Julie Marlen Waage Knappskog, Nathalie Skage Grenasberg, sokneprest Edvard Bø, Charlotte Margrete Drangevåg, Ingeborg Straume Audestad, Kim Jørgen Rohde. 2. rekke: Ruben Rolland, Sunniva Sunde, Heidi Langeland Vaksdal, Fredrik Flåm Krogsrød, Olav Solhaug, Thea Frotveit, Regine Kydland, Rebekka Helene Skaala Hartvedt, Vilde Litangen Jacobsen. Foto: Line Kydland



**Stamnes kyrkje 12. mai:** Frå venstre: Sokneprest Edvard Bø, Amalie Hesjedal Skrede, Frida Myster Dyvik. Foto Ann-Elin M Gullbrå

# **UNDER GALLERIET**

## *- ein møtestad i Dale kyrkje*

Dale sokneråd skipar til samlingar i Dale kyrkje under vignetten «Under galleriet». Dette gjer dei då det no er sett inn bord og stolar bakerst i kyrkja, og med det laga ein samlingsstad for om lag 30 personar. Under galleriet vil vere samlingar med ulike tema knytt til kyrkja, trua, samfunnet osb. Dei vil vere eit supplement til gudstenestene i kyrkja, og ein litt annleis måte kome saman på.

Tanken er å ha månadlege samlingar, siste torsdagen i månaden dei fleste månadarne om hausten, vinteren og

våren. Aktuelle datoar resten av året er 29.august, 26. september, 24/31. oktober og 28. november.

Fyrste samlinga var i slutten av mars, og då var det Dalegut og pensjonert sokneprest John Ove Thaule som held foredrag om Likkledet i Torino. Over 30 personar samla seg under galleriet då, og dei fekk både informasjon, sjå bilete, og høve til å stille spørsmål.

John Ove Thaule held foredrag om likkledet i Torino.



## **Ut på tur med Guds ord**

Tradisjonen tru har me ei rekke friluftsgudstenester som er delt mellom dei ulike sokna våre gjennom sumarsesongen. Nokre har allereie vore. Her kombinerast gode turoppeleveringar og fine enkle gudstenester.

Fitjavasstemna i år på 2. Pinsedag er ein tradisjon i samband med kyrkjelyden i Samnanger. Vi var 6 stykk frå Vaksdal. Sjølv om det var litt regn i lufta vart det ei fin tur over frå Langhelle på nymerka stigar. Organist Anton var med. Han hadde kjøpt seg eit melodica-instrument, og kunne såleis spele til salmane. Iklje verst å stille opp etter berre ein dags øving på instrumentet, men det gjekk kjempefint. Grunna regn vart og denne gudsstenesta

innandørs på den vesle stova som står på tunet. Der var det fint laga til med altar, lys og blomer og benker til kyrkjelyden. Etter gudstenesta vanka det kokekaffi, grilla pølser og saft eller kakao for dei som ynskte det. Me oppmoder fleire frå Vaksdalsida å få med seg denne opplevinga. Turen over tek omlag halvannan time å gå. Det går og å ta frå Samnangersida. Då kan ein køyre inn til vatnet frå Haga, og gå rundt eller få båtskyss over. Frå Samnanger stilte det om lag 20 personar og to hundar.

Stølsgudstenester har me so vel i Bergsdalen som i Eksingedalen.

Det går på omgang mellom dei ulike stolane i dalane. I Bergsdalen har me fleire gonger nytta Lavvuen på Småbrekke ved därleg ver. I år er stølsgudstenesta i Bergsdalen på Brekkestølen søndag 7. juli. I Eksingedalen er stølsgudstenesta på Trefallstølen søndag 18. august.

Stamnes sokn har i fleire år halde Olsokgudsteneste 29.juli på Leiro i Eidslandet. Det er ei fin klæretur opp til fjellgarden frå Myster, med gudstenesta på tunet. Ved därleg ver har me nokre gongar våre turre

under Ljoseberghellaren langs Eksingedalsvegen, eller vore i kapellet.

Dale har sin friluftsgudstenesta i Messegården 25. august. Gudstenesta er lagt opp som ei «Fest på kjerka» i samarbeid med Sjømannskirka. Her vert konfirmantane presenterte og fyrsteklassingane er og særskilt innbedne. Ved därleg ver må det då flyttast opp i kyrkja.

Velkommen til mange ulike gudstenester i sokna våre!

**Edvard**



# Nok ein kyrkjeleg arbeidar frå Vaksdal: Hans Kristian Lid


Hans Kristian (27 år til hausten) har nett byrja som kyrkjelydspedagog i 75% stilling. Og den jobben har han i Loddefjord kyrkjelyd i Bergen. Som namnet seier er dette ei stilling som har med undervisning i kyrkja å gjere.

- No held eg på med Master-studie innan «theology and ministry» ved NLA Høgskolen. Dette bygg vidare på Bachelor-studiet «praktisk teologi og leiing» som eg heldt på med same staden. Når eg er ferdig med dette endrar stillinga til å bli kateket, og eg får det overordna ansvaret for undervisning blant born og unge i kyrkjelyden.

Hans Kristian var først vikar i den stillinga, men fekk fast tilsettjing frå 15. juni. Det meste av arbeidet skjer i Loddefjord kyrkje og i kyrkjelydshuset like ved. Har dei siste åra og hatt fleire vikariat i liknande stillinger i kyrkjelydar i Bergen.

Det var i ungdomstida, like etter konfirmasjonen, at Hans Kristian gjorde eit val. Det skjedde medan han var på KUL. Det vil seie på Vaksdal Kristelege Ungdoms Lag, som held til i bedehuskjellaren på Vaksdal. - Under ein andakt der hadde eg ei oppleving kor det som vart sagt gjorde noko med meg. Det gav meg lyst til å ta eit val for livet mitt. Det var altså i KUL-miljøet eg kom til tru, så KUL-tida var viktig for meg. Og eg har ikkje angra på valet eg tok. I periodar har det rett nok vore tungt, og då har det vore godt å ha eit miljø og eit fellesskap med andre som trur på Jesus. Slik var det på KUL. Eit slik miljø var eg og i då eg gjekk på gymnaset på Voss og var med i arbeidet på Vonheim.

Etter gymnasåra på Voss



Hans Kristian på bassgitar under nattcupen for konfirmantane i 2017.

var Hans Kristian lærarstudent i eitt år og hadde eit år der han jobba. For seks år sidan byrja han på det som då var eit nytt studie ved NLA Høgskolen.

*Mange ungdomar og unge vaksne kjenner deg att frå det kristelege arbeidet i Vaksdal.  
Kva har du vore med på her?*

- Utanom å gå på KUL var eg og med i styret der i åtte år. Så har eg vore med i konfirmarbeidet mange år,

det vil seie på leir, på Alpha og på Salmeslaget. I seks år var eg og med i trusopplæringsrådet for kyrkjelyda i Vaksdal, og eg var med i soknerådet på Vaksdal fram til eg flytta no.

Dei fyrste 9-10 månader av sitt liv budde Hans Kristian og foreldra i Bergen, før dei flytta til Dale. Så flytta dei til Flordalen i Vaksdal i 2007. Der har Hans Kristian budd til no, som siste mann

i huslyden, og huset er no selt. No bur han i Loddefjord.

*Kva lika du å halde på med i oppveksten?*

- Eg lika å spele fotball. Fyrst var eg lilleputt på Dale, og spela nokre år seinare på Vaksdal i 2-3 år. Men eg måtte gje seg med fotball grunna ein skade i kneet. Elles er musikk er ein stor del av livet mitt. I mange år spela eg trommer, men seinare har det blitt fleire instrument. No spelar eg ein del bassgitar i gudstene, slik eg og har gjort i Vaksdal.

Hans Kristian er framleis med i frivillig arbeid, slik som dei siste seks åra i St. Jakobs kyrkje i Bergen. Der har Domkyrkja kyrkjelyd sitt arbeid for unge vaksne.

- Elles er eg med i Kirkens SOS i Bergen. I 2015 hadde eg praksis der i samband med studiet, og har halde fram med å vere frivillig medarbeidar på senteret.

*Kvífor held du på med alt dette?*

- Eg fekk interesse for å jobbe med ungdom då eg gjekk på gymnaset. Og eg synes det er fint å kunne kombinere dette med trua mi. Ved å vere med i dette arbeidet har eg og fått hjelp og blitt styrkt i trua. Og eg var kjent med det kyrkjelege arbeidet, noko som har leidd fram til den tenesta eg har no.

**Tekst/foto:**  
**Frode Kvamsøe**



Konsertorganist Ines Maidre.

## Konsert på nyrestaurert orgel i Dale kyrkje

Elektronikken i spelepulten på Dale-orgelet har ikkje vore skifta ut sidan orgelet vart bygd på 1950-talet. Med både slitasje og brannfare var det nå tid for oppgradering. Orgelbyggjar Dietrich Johannes Buder har nå bytta ut all innvendig elektronikk, men behalde den opphavelege spelepulten utvendig. Nå fungerar orgelet minst like godt som når det var nytt. Fri-kombinasjonane kan igjen nyttast, og gjev høve for raske regesterskift. Vi har valt ein ny programmering av crescendopedalen som kan gje ein meir gradvis auke i dynamikk enn den vi hadde tidligare. Med 36 registre er dette det største orgelet i Vaksdal og godt egna for konserter.

Konsertorganist Ines Maidre vart innbeden til Daledagane i år, og hadde den første konserten på den renoverte spelepulten. Hun valde eit krevjande program som kunne vise mange moglege og ulike klangar ved dette orgelet. På moderne orgel er det gjerne mogleg å lagre ei mengd registreringar digitalt. Då spelepulten ikkje er modernisert på denne måten, er det fremdeles mykje arbeid med å førebu eit helt konsertprogram.

Mannen hennar, Jostein Aarvik, kantor i Storetveit kyrkje, var med som assistent under konserten.

Vi hørde først barokk-komponistane J.S. Bach og Heinrich Scheidemann, etterpå Reidar Sløgedal sine variasjonar over «Kirken den er et gammelt hus». Guy Bovets stykke var bygd rundt ulike legendar, og det kunne vore fortald lange historier om kvart av desse korte stykkja, om krykkja som vart sett i jorda og slo rot, eller monsterverfigurane på ei av soylene i ein katedral. Her vart nokre av dei meir merkelige og krasse klangane i orgelet tekne frem

for en stund. Fra Gigout og Guilmant kom brillante stykke frå den franske romantikken, med Karindi fekk vi et sjeldan møte med orgelmusikk frå Estland.

Om orgelet i Dale kyrkje seier Ines: "Det ble et sympatisk bekjentskap med Steinmeyer-orgelet, som har mange gode kvaliteter. Jeg likte godt orgelets solide Tutti-klang som hadde både kraftig kjerne og glitrende topp. Det var ikke vanskelig å få flott orgelbrus ut av dette instrumentet! Samtidig har det fine karakteristiske enkeltstemmer. Som typisk er for orglene bygget i 50-tallets neobarokk-

begeistring, har også Dale-orgelet et høyt antall av fargerike overtone-registre og litt snerrende rørstemmer. I ulike kombinasjon kunne man av disse skape mange spennende farger som passet fint for de fantasibildene i legende-fortellingene som jeg prøvde å formidle i mitt program. Generelt har orgel et godt balansert klangspektrum med mektige basser og kraftige, men ikke for skarpe diskantregistre. Dette instrumentet inspirerer virkelig og er egnet for mye fint repertoar. Dale folk kan være stolt over å ha et så fint orgel i kirken!"

Ruben

### Daledagane i Dale kyrkje



Vossagospel fekk det til å svinge i Dale kyrkje fredagskvelden.



Organist Ruben S Gjertsen sytte for lydinstallasjonen "Wheels within weels", der ferdiginn-spela lydar i ulike mønstre fylte kyrkjerommet med hjelp av ein datamaskin og 14 høgtalarar.



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!

## Familiegudsteneste på palmesundag

På palmesundag var det gudssteneste med dramatisering av påskeforteljinga i Dale kyrkje, der årets sjuåringar var særskilt inviterte. Fire stolar framfor alteret representerte fire sentrale dagar i påska, og trusopplærar Kristin fortalte kva som skjedde, Edvard prest hadde rolla som Jesus, og av og til deltok borna som var til stades. Som då dei vifta med palmegreiner då «Jesus» kom inn i Jerusalem på påskedag, og då alle som ville fekk smaka brød som blei delt ut under den første nattverden på skjærtorsdag.



Familiegudsteneste på palmesundag - Dei fire stolane representerte fire sentrale dagar i påska.

## Ungdomsleir for 7., 8. og 9. klassingar

Etter påske var det ungdomsleir for 7.-10. klasse, på leirstaden Fagertun i Eksingedalen. Det vart kjekke dagar med gruppeaktivitetar, bibeltimar med Lars Bjarte Nesheim, leirkveld og fritid - som ofte vart nytta til ulike gruppeleikar i daglegstova, eller ute i snøen. Ein kjekk gjeng på 17 ungdomar var med på leir, og blei godt kjende i løpet av helga!

## Gudsteneste i Skulemuseet på Straume

Helgetorsdag var alle femåringerne i sokna innbedne til gudssteneste under Skipshelleren på Straume Straume. Denne dagen var det meldt veldig surt vær, så då vart det fremja ein idé om å ha gudstenesta på Skulemuseet på Straumet. Det valte me å prøva ut, med bra suksess! Det kom så mange at det var bra fullt på og rundt dei gamle skulebenkane. Kyrkjetenar Sigrid spelte tussefløyte til preludium, Edvard leita etter sølvmynten sin, som borna hjalp han å finna, og Kristin fortalte historia som Jesus fortalte, om ei kvinne som leita etter sølvmynten sin. Etterpå fekk alle borna leita etter sjokolademyntar i muren rundt skulehuset, og me grilla i eit naust ved fjorden. Ei fin stund ilag med små og store på Straume!



Kyrkjetenar Sigrid skapte stemning med tussefløytespel i den gamle skulestova.



Etter gudstenesta var det grilling og leik ved fjorden på Straume.



## Baby- og småbornssong på Stamnes



I vår var det baby- og småbornssong i Stamnes bedehus tre gongar. Der var me i bedehuskjellaren, og Erna Vedaa hjalp som vanleg til med det praktiske, medan Kristin tok seg av songstunda. Kjekt å samlast slik!

Baby- og småbornssong på Stamnes - Såpebobler er alltid suksess.

## Baby- og småbornssong i Eksingedalen

I Eksingedalen kyrkje hadde me baby- og småbornssong fyrste sundagen i juni. Denne sundagen var det òg dåp i kyrkja, så heile 17 born var med på songstunda i sakristiet under gudstenesta! Mot slutten av gudstenesta gjekk me inn til resten av kyrkjelyden og framførte to songar før me alle fekk sjå dåpsborenet Vetle bli døypt. Etterpå tok me kyrkjakaffien ute i finveret, medan borna leika kring kyrkja. Ein kjekk dag!



Nokre av borna som framførte songar under gudstenesta.



Me tok kyrkjakaffien ute i Eksingedalen denne sundagen.

## Småbornssong, lunsjtreff og babysong på Vaksdal

Etter ein periode på Dale, flytte me desse samlingane til Vaksdal i april. Der var me i konfirmandtrommet i Vaksdal kyrkje, eit høvande lokale der det faktisk har vore barnehage tidlegare. Me delte forresten lokalet med ein og annan maur som kraup på golvet, men litt dyreliv er jo berre spennande... På småbornssong var det ei stor og ivrig gruppe nesten kvar gong, kjekt å sjå at borna byrjar å læra songane og syngja med! På babysong var me litt færre, men det òg har sine fordelar, då det er lettare å bli kjende med kvarandre i mindre grupper. Det felles lunsjtreffet mellom samlingane var fullt av liv, leik, prat og mat, tydeleg at både små og store likte å vera ilag!



Havet, som eigentleg er ei IKEA-gardin, er spennande for borna på baby-song.



Mot slutten av samlingane terner me lys og syng velsigninga, her er det mamma Jannike som terner lys for Noel.

# Kva skjer på VEGEN framover?



## Segltur med tolvåringar 24. august

Til hausten skal me igjen på segltur med Brørvikaskuta på Stamnes med årets tolvåringar. Det brukar å vera veldig kjekt og interessant for dei som er med, og me håpar fleire ser sitt snitt til å få ein spennande og annleis tur sjøvegen i kommunen vår, med eit rutinert og dyktig mannskap. Det er plass til å ta med foreldre eller besteforeldre òg, kanskje fleire ynskjer å kjenna korleis det er å vera på fjorden slik som i gamle dagar?



## Skulevegensamlingar

Også i haust vert det Skulevegensamlingar for alle born som byrjar i 1. klasse i år. Det vert på ulike måtar rundt i bygdene, men dei fleste samlingane er i samband med gudstenester, der borna blant anna får ei gáve frå kyrkjelyden sin. Å byrja på skulen er ein milepæl i livet, og me i kyrkja ynskjer å gjera stas på dei nye fyrsteklassingane.

## Småbornssong, lunsjtreff og babysong på Dale og Vaksdal

I haust vert det småbornssong (kl. 10-11), felles lunsjtreff (kl. 11-12) og babysong (kl. 12-13) på torsdagar, som før sommaren. I Dale bedehus vert det kvar torsdag frå og med 29.august til og med 3.oktober, og på Vaksdal kvar torsdag frå og med 24.oktober til og med 28. november. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjartelag velkomne, når det hører med tid og energi! Under lunsjtreffet er det berre å koma og gå som ein vil, og elles òg er samlingane ganske uformelle, så det er ikkje krise om ein er litt seint ute, kom når de kan!



## Baby- og småbornssong på Stamnes, i Bergsdalen og i Eksingedalen

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong på Stamnes og i Eksingedalen. I tillegg prøver me ei slik samling for fyrste gong i Bergsdalen. På Stamnes vert samlingane i bedehuskjellaren ein mandag i månaden, i Bergsdalen kyrkje den 8.9. klokka 11 og i Eksingedalen den 8.9. klokka 15. Dei to siste er i samband med gudstenester. Nærare beskjed om datoar kjem, blant anna på fb-sida «Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal».

## Barnekor på Dale og Vaksdal

Kristin har hatt ein pause frå barnekorarbeid i vår, men håpar å koma i gong igjen med dette til hausten att. Nærare info kjem i neste kyrkjeblad og i facebook-gruppa «Korskulen i Vaksdal».

## Tankar frå trusopplæraren

I siste liten igjen. Eg lærer visst aldri. Sjølv om eg har visst ganske lenge kortid dette kyrkjebladet skulle vera ferdigskrive, sit eg her då, kvelden før stoffet skal inn, og tastar så det knakar. Og kvar gong dette (eller liknande scenarier) skjer, tenkjer eg; Dette er siste gongen! NESTE gong, då altså. Då skal eg skriva lenge på førehand. Alt skal vera nøyne gjennomtenkt, nattesøvnen intakt, og korrekturen ferdiglesen. Jaudå. Eg trur vel eigentleg ikkje på meg sjølv lenger. Og det er jo ganske dumt i grunn. Om eg ikkje ein gong kan stola på meg sjølv, kven kan eg stola på då?

Gud? Kan eg stola på deg, kanskje? Eller er du litt sånn «i siste liten» - type du òg? Om det stemmer at du skapte heile jorda med alt som høyrer til her på seks dagar - då gjer du kanskje ting litt i skippertak du òg? Hadde du tenkt på det i mange millionar år, kanskje? Grua deg og grua deg. Skjøna kor mykje arbeid som låg framføre deg. Og så, når du endeleg fekk det over deg, så gjekk det jo berre ei lita veke!

Det kan jo òg vera slik at den veka er meir for å få fram rekkjefylgja, og at dine dagar og våre dagar ikkje akkurat er heilt like lange. Eg skal spørja deg ein gong, håpar eg. Om eg kan stola på orda dine om at me får sjå deg til slutt, når alt eigentleg byrjar. Orda om at du er glad i oss. At du tilgjev alt me gløymer, alt me gjer som me ikkje burde gjort, alt me utset. Eg treng at du er til å stola på, når eg ikkje er det sjølv. Og eg trur du er til å stola på. Takk!  
Kristin



## Konfirmant neste år?

### Informasjon

14-åringane som er medlem i Den norske kyrkja fekk eit hefte om konfirmasjonen tidlegare i vår. Avsender var Bjørgvin bispedøme. Når dette Kyrkjebladet kjem ut skal dei og ha fått brev i posten med orientering om konfirmantopplegget i Vaksdal,

samt høve til å melde seg på.

***Har du ikkje fått brev, men ynskjer å vere konfirmant? Ta kontakt med Kyrkjhontoret.***

**Påmeldingsfristen er 20. august.**

### Gudsteneste med presentasjon

Men alt no er det lurt å notere tid og stad for den såkalla presentasjonen, det vil seie når konfirmantane skal kome fram i ei gudsteneste og presenterast for kyrkjelyden:

Dale sokn: Søndag 25. august kl. 12.00 i Messehagen på Dale  
 Vaksdal sokn: Søndag 1. september kl. 11.00 i Vaksdal kyrkje  
 Stamnes sokn: Søndag 1. september kl. 16.00 i Stamnes kyrkje  
 Nesheim sokn: Søndag 15. september kl. 11.00 i Nesheim kyrkje

### LEIR

Det er to konfirmant-leirar på Fagertun i haus, og alle konfirmantane skal vere med på ein av dei.

**Leirane er  
13. - 15. september og  
20. - 22. september**



DEN NORSKE KYRKJA

# Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val. Meir utdjupande informasjon finn du på [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin) eller [kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no). Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølv på eigne nettsider.

**Kyrkjevalet**  
**8.-9. sep. 2019**

I Bjørgvin bispedøme er det tre lister ved bispedørmerådsvalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekirkje. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølgje.

## Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.

Kyrkja må leia av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibelforankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkje-lyden til å tene Herren etter den einskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som sokjer Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på  
[www.bonnelista.no](http://www.bonnelista.no)



**Stein Oltedal**  
f. 1952, pensjonert prest, Naustdal.



**Solaug Anita Apelthun Sæle**  
f. 1951, økonomisjef, Fjell.



**John Eivind Warvik**  
f. 1994, pioner/tømrar, Ortnevik.



**Anne Kristine Torvik Christiansen**  
f. 1954, vernepleiar, Fjell.



**Øyvind Skartveit**  
f. 1992, student, Tynset.



**6**

**Magdalena Steinhovden**  
f. 1947, pensjonert sjukepleiar, Naustdal.



**7**

**Stig Bruun**  
f. 1968, økonom, Rådal.



**8**

**Jan Frank Leirkar Christiansen**  
f. 1952, pensjonert vernepleiar, Fjell.



**9**

**Anna Helena Bruun**  
f. 1974, rekneskapsførar, Rådal.



**Andreas Skjelde**  
f. 1993, student, Slettebakken.

## Kyrkjevalet 8.-9. sep. 2019

### Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere ei breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på [nominasjonslisten.no](http://nominasjonslisten.no)



**1**

**Vemund Atle Øiestad**

f. 1948, pensjonist, Nordsida, Nordfjord.



**2**

**Turid Fjose**

f. 1969, overlege, Voss.



**3**

**Per Hilleren**

f. 1959, bonde, Stedje.



**4**

**Mali Smemo Hjemdal**

f. 1973, rådgjevar, Etne.

Ønskjer du meir informasjon?  
Sjå [kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no)

**Kyrkjevalet**  
8.-9. sep. 2019



**Gerhard August Hansen**  
f. 1951, pensjonist,  
Os.



**Daniel Kydland**  
f. 1997, student,  
Knarvik.



**Madli Kvamme  
Hannisdal**  
f. 1950, pensjonist,  
Osterøy.



**Leif Steinar Alfsvåg**  
f. 1959, fagseksjons-  
leiar, Stord.



**Harald Berge  
Breistein**  
f. 1956, dagleg leiar,  
Åsane.



**Arve Kjell Uthaug**  
f. 1967,  
administrasjonssjef,  
Frekhaug.



**Kristian Slettebø**  
f. 1989, revisor,  
Bergen.



**Liv Oddlaug  
Skaaheim**  
f. 1948, pensjonist,  
Førde.



**Ingrid Grimstad**  
f. 2000, student,  
Stord.

## Open folkekyrkje

Vi som står på lista til Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles [www.apenfolkekirke.org](http://www.apenfolkekirke.org) for fullstendig valgprogram.



**Åse Kongsvik**  
f. 1962, rettleiar,  
Leikanger.



**Erik Torp Nilssen**  
f. 1947, pensjonist,  
Førde.



**Torill Jørgensen  
Frøise**  
f. 1972, gruppe-  
sekretær, Askøy.



**Håkon Glatved-  
Prahl**  
f. 1956, journalist,  
Alversund.



**Marit Melvær  
Berge**  
f. 1952, pensjonist,  
Florø.



**Christian Emil  
Haugen**  
f. 1990, student,  
Bergen.



**Therese Nesse  
Mokkelbost**  
f. 1973, administrasjons-  
konsulent, Bergen.



**Ann Elisabeth  
Tveit**  
f. 1972, lærar,  
Bergen.



**Karl Johan  
Kirkebø**  
f. 1950, pensjonist,  
Bergen.



**Nora Sætre  
Baartvedt**  
f. 1994, teologi-  
student, Voss.



**Runar Larsen**  
f. 1997, student,  
Sveio.



**Line Berggreen  
Jacobsen**  
f. 1986, rådgjevar,  
Bergen.



**Oddny Irene  
Miljeteig**  
f. 1954, komitéleiar,  
Bergen.



**Eiel Holten**  
f. 1968, seniørråd-  
gjevar, Bergen.

# Godt å vite om valet

## Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

## Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

## Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Bjørgvin bispedøme tre lister å velje mellom.

## Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

## Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrklege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

## Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsettjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømet på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

## Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einderom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

### I avlukket

- 1** Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2** Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3** Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

### Hos valfunksjonæren

- 4** Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.  
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5** Legg stemmesetlane i valurna.

# Konfirmant-jubileum til hausten

Stamnes: Laurdag 14. september

Dale: Søndag 13. oktober

Vaksdal: Søndag 20. oktober

*Ta kontakt med soknerådet  
(sjå s. 2) viss du saknar innbyding.*

## Norum har gjeve ut bok

Kjell Arne Norum (70) var prest i Vaksdal frå 1985 til 1995. I vår gav han ut boka

### GUD & MILJØETHVA SIER BIBELEN?


Der spør han om det er «plass til gleden over skaperverket til tross for en varslet klimakrise?»

I vaskesetelen står det vidare: «Kva kan inspirere oss til å ta bedre vare på kloden slik at naturen blir en kilde til glede også for de neste generasjonene?»

Stilt overfor slike alvorlige spørsmål, er det grunn til å la seg inspirere av Bibelens formidling om skaperverket, mener Kjell Arne Norum. Et positivt syn på menneskeverdet og skaperverket vil forme våre holdninger og motivere til handling.

Gjennom bibeltekster, salmevers og dikt belyser forfatteren både gleden og alvoret ved et særdeles aktuelt tema.»

Boka er gjeve ut på Verbum Forlag og kostar kr 298,-.



## Vedlikehald av kyrkjene

Arbeidet med utbetring og oppgradering av det elektriske anlegget i kyrkjene, er nå ferdigstilt. I Nesheim kyrkje er det i tillegg til utbetring også montert nye og fleire stikkontakter i kyrjerommet, slik at vi slepp å bruke skøyte leidningar til faste installasjoner.

I Dale kyrkje har vi skifta alle lyspærer til ledlys, noko som gjev ein stor reduksjon i straumforbruket til lys i kyrkja. I desse dagar har vi sendt ut tilboddsskjemte til aktuelle firma på utbetring og maling av fasade på Dale kyrkje. Planen er å starte arbeide så snart som mulig på ettersommaren.

Ottar

## VIPPS



Vaksdal kyrkjelege fellesråd (bladpengar)	94073
Vegen trusopplæringa	514111
Vaksdal Kyrkje	137194
Dale Sokn	525329
Stamnes sokn	524776
Bergsdalen sokn	552521

## GRAVMINNER



Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



«Nytenkende,  
vakkert og  
verdig»

Tlf. 48 29 70 33

GJENSKINN

[www.gravminne.org](http://www.gravminne.org)



Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

# ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • [www.arnpro.no](http://www.arnpro.no)



Din lokale Rørlegger i Vaksdal

€ 95 97 17 00



# BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

## GRAVMINNEN



Udstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**S**  
STEINRIKET  
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

**SparebankenVest**

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)



## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**v vangen elektriske a/s**

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

[www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)



## Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Bergsdalen

21.04 Ruth Rafaela Økland Småbrekke  
Lotte Kvamme  
Peter August Småbrekke Wattne

### Dale

31.03 Sofia Rødland Savcheva  
01.05 Frøya Birkeland Strand  
Alma Hesjedal- Larsen  
09.06 Karina Bekkenes-Nergård

### Eidsland

14.04 Karl Emilian Mo Boge

### Eksingedalen

02.06 Vetle Boge Høvik

### Vaksdal

31.03 Regine Kydland (i Arna)  
24.04 Ruben Rolland  
11.05 Henrik Audestad  
26.05 Joel Berge Mjelde



## DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

### Bergsdalen

21.04 Kristina Fosse 1919

### Dale

28.03 Astrid Langhelle	1933
30.03 Else Veka	1930
03.05 Britha Marie Helle	1917
24.05 Martin Hopperstad	1933
24.05 Anne-Lise Domben	1941

### Stamnes

04.04 Gerd Straume	1924
24.04 Håkon Stamnes	1935

### Vaksdal

13.04 Myrtle Vaksdal	1922
26.04 Kurt H Böttcher-Jordalen	1963
02.05 Jan Fosse	1958
17.05 Johanna Eide	1929

### Inge Chr. Meidell

døydde 17 mars, etter nokre få månader med sjukdom.  
Han var prest i Vaksdal frå 1985 til 1994.

## KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal,  
men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.

**Alt innan  
tømrararbeid**  
Tlf. 922 65 739  
post@falkangerbygg.no



**IdéHUS**  
BYGGER PÅ GODE IDÉER

Falkanger Bygg er  
forhandlar av Idéhus  
[Sjå idehus.no](http://Sjå idehus.no)

## Nordhordland Begravelsesbyrå AS




AVD. VAKSDAL:  
**Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70**

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.  
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN  
Tlf. 56 37 14 10 • [post@nordh-bb.no](mailto:post@nordh-bb.no) • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)



**DALETEC**



## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Søndag 30. juni - 3. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

### Søndag 7. juli - 4. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN kl. 15.00. Stølsgudsteneste på Brekke-stølen. Kvamsøe. Avgang frå vegen kl. 13.30. Ta med mat og drikke. Ved därleg ver vert gudstenesta i lavvuen ved Småbrekkevatnet.

### Søndag 14. juli - 5. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 19.00 Gudsteneste. Kvamsøe Dåp. Nattverd.

### Søndag 21. juli - 6. Aposteldagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

### Søndag 28. juli - 7. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

### Måndag 29. juli - Olsok

LEIRO (Eidsland) kl 18.00. Olsokstemna / Friluftsgudsteneste. Bø Felles avgang frå Myster kl. 16.30. Ta med mat og drikke. Ved därleg vær er stemna i kapellet.

### Søndag 4. august - 8. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00 Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

### Søndag 11. august - 9. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

### Søndag 18. august - 10. søndag i treeiningstida

Trefallstølen (Nesheim) kl. 12.00 (NB klokkeslettet!). Stølsgudsteneste. Tomren. Avgang frå vegen kl. 10.30. Ta med mat og drikke.

### Søndag 25. august - 11. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE. kl. 12.00 (NB klokkeslettet!). "Fest på kjerka" / Friluftsgudsteneste i Messehagen på Dale, i samarbeid med Sjømannskyrkja. Kvamsøe. Presentasjon av konfirmantane. Markering av skulestart frå 6-åringane. Kyrkjekaffi.

### Søndag 1. september - 12. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Presentasjon av konfirmantane og markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00.

Familiegudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Presentasjon av konfirmantane. Markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

### Søndag 8. september - 13. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Bergsdalsstemna. Audestad og Kvamsøe. Baby og småbornssong i kyrkjekjellaren. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi. Songstund.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Dåp. Nattverd. Presentasjon av konfirmantane. Kyrkjekaffi.

*Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.*

*Endringar kan koma. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.*



*Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*